



Bømlo
kommune

Kva skjer

Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt
8. juni til 14. juni



Måndag 8. Kl. 17.30 - Seniordans - Hillestveit skule

Seniordans på Hillestveit skule i regi av Bømlo frivilligsentral. Alle er velkomne.



Tysdag 9. Kl. 10.00 - Seniortur - Hauglandskverna

Bli med Bømlo turlag til Hauglandskverna. Oppmøte og start ved Svortland skule kl 10.00. Om du har spørsmål, ta kontakt med Alf Kr. Selle på tlf 951 65 853



Onsdag 10. Kl. 12.15 - Seniorsymjing - Bømlo symjehall

Trening og samvær i eit litt rolegare miljø. Ein kan symje i begge bassenga, alt etter kva ein ynskjer. Aqua økt for dei som ynskjer å vera med kl 12.30. Bill.pris kr 75



Torsdag 11. Kl. 10.00 - Torsdagstreff - Røde Kors huset

Torsdagstreffet startar med stol trim kl 10.00. Enkel trim, som passar for alle. Frå kl 11.00 er det smørbrød, kaffi og kaffimat. Alle er velkomne.



Fredag 12. Kl. 19.00 - Fyrkonsert - Brandasund

Fyrkonsert med Elle Melle på Skjerkaien i Brandasund. Bil. kan kjøpast på melodypipe.com og kostar kr 425

Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?

Gå til nettsidene bomlo.kommune.no

Leveres i
samarbeid med



Nytt og nyttig

Bli med og gå for Parkinson

I fjor samla Rannveig Ingebretsen og Jan Kvinnesland over 150 deltakarar til Parkinson Unity Walk på Bømlo. Laurdag 13. juni har dei fått med seg både helseminister og ordførar til å gå i brodden for årets tur i Fetløypa.

I fjor samla Rannveig Ingebretsen og Jan Kvinnesland over 150 deltakarar til Parkinson Unity Walk på Bømlo. No er dei i gong att og oppslutnaden er allereie på veg til å slå fjoråret. Målet er enkelt og viktig, nemleg å setja Parkinson på dagsorden og samla inn midlar til forskning.

Då Jan Kvinnesland fekk diagnosen i 2019, starta ein ny kvardag for dei begge. Sidan har dei mobilisert med både fellesturar, spleis og kreative tiltak. «Det er ikkje meg det hjelper, men neste generasjon», er budskapet deira. Mange på Bømlo vil vera med og gi håp.

I år får arrangementet også storfint følge då helseminister Jan Christian Vestre og ordførar Morten Helland går saman med oss. Turen går i Fet-løypa, som er universelt utforma slik at alle kan delta i sitt eige tempo. Ta med ein ven, naboen, familien – eller kom åleine og gå saman med andre.

Oppstart: Maurtua barnehage, Idrettsvegen 110. **Tid: 13. juni kl. 12.00**
Kontakt: 415 46 739 / rannveig.ingebretsen@haugnett.no



Foto: Linn Valentinsen

Kontaktinformasjon Bømlo kommune:

Elisabeth Holme Knutsen - rådgjevar kultur og idrett - Mobil 91 16 53 77
Johanne Kristiansen - rådgjevar folkehelse og frivilligheit - Mobil 45 38 26 42
Kontakt oss om du vil reservere deg mot å motta dette informasjonsskrivet.